



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Odd Totland

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/541 - 17/4292

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
31.03.2017

Landbruksak Gbnr 128/1, 2, 3, 5, 6, 7, 9 - Fellingsløyve grågås - Vedtak

Viser til din søknad om fellinga av grågås som gjer skade, mottatt 17. mars 2017.

Det er søkt om å ta ut 10 gås på gnr 128 bnr 1,2,3,5,6,7 og 9 i Austrheim kommune, hvår det er slåttemar og innmarksbeite.

Dei seinare åra har vi sett ei auke i bestanda av grågås i vårt område. I dag er jakttida på grågås satt til 10.08 – 23.12. Jakttida samsvarar ikkje med perioden skadepotensialet er størst og skadefelling er i nokre tilfelle nødvendig for å begrense skade på slåttemark og beite. Skadefelling er eit unntak frå viltlova og fredningsprinsippet for å hindre elller begrense avlingstap, og skal ikkje brukast som bestandsregulerande verkemiddel.

Søknaden skal handsamast etter Forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltarters reproduksjon FOR 1997-09-01 nr 1000.

Det er eit krav at skaden er skjedd før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er et kjent problem med gås i heile Nrdhordland og sidan gåsa startar beite på slåttemarka så tidleg, risikerer ein større skade på enga. I tillegg til redusert avling vil det vere eit større problem at gåsa skit i avlinga og øydelegg eller reduserar kvaliteta på foret. Det har vore fleire artiklar om kor store tap gjess har på avlinga, og kva tap dette utgjer for bonden. Etter forskrifta skal det vera eit vesentleg økonomisk tap før ein kan gje løyve til skadefelling. Det er drift på eigedommane og eit avlingstap og redusert forkvalitet utgjer eit vesentleg økonomisk tap for drifta.

Det er krav om at det skal vera brukt andre metodar for å få bukt med problemet før ein skal gje skadefellingsløyve. Det er freista med vanlege skremmetiltak utan at det fungerar, gåsa forsvinn ein kort periode, men kjem raskt attende.

Skadefelling er ikkje ei god løysing på det aukande problemet med gås i regionen, Felles landbrukskontor har difor ein forrvaltningsplan for gås under utarbeidning.

Vedtak:

Landbrukskontoret gjev Odd Totland løyve til å ta ut totalt 10 gås på innmarka på gbnr 128/1,2,3,5,6,7 og 9. Det skal ikkje skytast meir enn 2 fuglar i døgnet. Det skal takast ut ungfuglar eller ikkjehekkande individ då det er dei som gjer mest skade. Det skal prioriterast å ta ut skadegjerande individ der skadane er størst. Løyvet gjeld fram til 10. april 2017.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg og innan 20. april 2017.

Med helsing

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Totland